



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Alle kommunane

Dykkar ref

Vår ref
12/970-3

Dato
04.07.2012

Invitasjon til å delta i programmet ”Saman om ein betre kommune”

Kommunal- og regionaldepartementet har saman med KS, LO Kommune, Unio, YS Kommune og Akademikerne eit samarbeid om utviklingsprogrammet Saman om ein betre kommune. Programmet støttar opp om lokale prosjekt som jobbar innanfor tema sjukefråver, kompetanse og rekruttering, heiltids/deltidsproblematikken og omdøme. Eit hovudmål med programmet er at det skal medverke til nasjonal fornying. Programmet skal systematisere kunnskap frå dei lokale tiltaka som kan spreiaast til andre norske kommunar. I 2011 blei 56 kommunar opptekne i programmet.

Eg inviterer no fleire kommunar til å delta i programmet med oppstart i 2013. Hovudtema i programmet vil framleis vere dei same, men i denne runden vil eg opne for søknadar som viser vilje til å tenkje nytt og innovativt rundt programmets problemstillingar. Innovasjon og fornying vil vere viktig for berekraftige kommunale tenestar i framtida. Det handlar til dømes om korleis ein organiserer tenestene, bruk av ny teknologi og samarbeid med pårørande, frivillig sektor og andre.

Ein viktig premiss for deltaking er at prosjektet byggjer på eit partssamarbeid mellom dei folkevalde, dei administrative leiarane og dei tillitsvalde/medarbeidarar. Prinsippa om lokalt styringsansvar og fridom til å organisere verksemda slik at den best mogleg møter lokale behov, ligg til grunn for programmet.

Programmet tilbyr dei kommunane som blir opptekne:

- Tilgong til god kompetanse og ressursmiljø
- Økonomisk støtte til prosjektarbeid

- Eit fagleg fellesskap med andre kommunar

Innhald og gjennomføring

Det administrative ansvaret for programmet er lagt til KRD, som i samarbeid med dei sentrale partane i arbeidslivet (hovedsammenslutningane og KS) vil koordinere arbeidet i programmet.

Kommunane som deltek i programmet får eit årlig tilskot på kr 300 000,- for enkeltkommunar og inntil kr 800 000 ,- der fleire kommunar deltek i prosjektet. Kommunane vil delta i nettverk etter tema dei arbeider med, og egne samlingar for prosjektleiarane. Programmet er i ferd med å knyte til seg kompetansmiljø innanfor dei ulike tema.

Programmet varer ut 2015. Kommunane vel sjølve kor lenge dei vil vere med. Oppstart for pulje 2 vil vere vinter 2013. Kvar kommune blir invitert med på tre nettverkssamlingar. Den siste samlinga vil finne stad våren 2014.

Deltakarkommunane vert forventa å delta på dei samlingar som blir arrangert. Kommunane må også rapportere til sekretariatet i KRD på framdrift og resultat.

Innovasjonsnettverk

Programmet vil velje ut eit tal kommunar som vil jobbe i eitt eige nettverk som nyttar innovasjonsmetodikk på dei fire hovudtema. Ved bruk av innovasjonsmetode er behovet (problemet) kjend, men løysinga er det ikkje. Målet er ikkje definert på førehand, og det må jobbast med fleire alternativ. Viss det ein allereie har forsøkt ikkje verker, kan det å arbeide med å få på plass nye tankesett og nye arbeidsmåtar medvirke til å finna nye løysingar.

Utveljing av kommunar

På bakgrunn av søknader vil det bli valt ut ca. 50 kommunar som får delta i programmet.

Følgjande vil bli vektlagt:

- Ei grunngjeving for deltaking i programmet gjennom ein omtale av utfordringane og kvifor det er viktig å løyse desse utfordringane på kort og lang sikt.
- Klar og tydeleg motivasjon og forankring hjå alle partar (politisk og administrativ leiing, samt tillitsvalde) i kommunen
- Tydeleg interesse for utviklingsarbeid
- Søknadar som legg vekt på innovasjon og nytenking og er opne for å nytte alternative metodar for å løyse utfordringane
- Omtale av andre samarbeidspartnarar det vil vere nyttig å invitere inn, t.d organisasjonar, frivillige, innbyggjarar, næringsliv, akademia osv.

Søknad

Søknaden skal fyllast ut etter ein oppsett mal som vil vere tilgjengeleg på programnets nettsider; www.samanom.no. Søknaden skal vere politisk handsama og underteikna av ordførar og rådmann. Kommunar som søkte i førre runde, men som ikkje kom med, er velkomne til å søkje igjen.

I søknaden skal kommunen gje ei omtale av lokale utfordringar på innsatsområdet/områda og grunngje kvifor kommunen ynskjer å arbeide med desse utfordringane. Kommunen sin eventuelle tidlige innsats, og resultat som er oppnådd gjennom tiltak på innsatsområdet/områda skal dokumenterast. Ein overordna tidsplan samt ein omtale av kommunen sin eigen ressursinnsats inn i arbeidet skal gå fram av søknaden. Departementet vil be om rapportering og dokumentasjon i løpet av programperioden.


Organisering av arbeidet lokalt

Deltakarkommunane vel sjølve innretning og organisering av arbeidet. Samarbeidet skal skje innafør Hovudavtalen sine rammer og kommunane si formelle styring av eiga verksemd. Det er ein føresetnad med god lokal forankring av arbeidet. Av søknaden skal det gå fram korleis kommunen har/vil forankra arbeidet med søknaden hjå folkevalde, leiarar og medarbeidarar/tillitsvalde i forhandlingssamanslutningane. Det må vidare synleggjerast korleis kommunen vil organisere/etablere prosjektet slik at desse aktørane deltek ut frå sine ulike roller.

Avtalen mellom partane og nærare informasjon finst på programmet sine nettsider www.samanom.no. Her ligger også dei kommunane som i dag deltek, samt kontaktinformasjon til sekretariatet.

Søknadsfrist er 30. september, 2012.

Med helsing



Liv Signe Navarsete

Kopi til:

KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon) Fagforbundet i Norge	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
	Postboks 7003 St. Olavsplass	0130	OSLO
Unio	Stortingsgata 2	0158	OSLO
Ys kommune	Postboks 9232	0134	OSLO
Akademikerne	Fridtjof Nansens plass 6	0160	OSLO